

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
059/18	Levekårsutvalet	PS	20.11.2018
087/18	Kommunestyret	PS	13.12.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Kristin Moe	17/3367

## Tilstandsrapport for grunnskulen i Lindås 2017-2018

### Vedlegg :

Tilstandsrapport-for-grunnskolen-2018

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Tilstandsrapport for grunnskulen skuleåret 2017-2018 er teken til orientering.

### Levekårsutvalet - 059/18

#### LE - behandling:

Orientering til saka v/Ragna Midtbø-einingsleiar Grunnskule  
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### LE - vedtak:

##### Uttale i Levekårsutvalet - 20.11.2018:

Tilstandsrapport for grunnskulen skuleåret 2017-2018 er teken til orientering.

### Kommunestyret - 087/18

#### KO - behandling:

Kommunalsjef oppvekst, Kristin Moe, orienterte.  
Innstillinga frå levekårsutvalet vart samrøystes vedteke.

#### KO - vedtak:

Tilstandsrapport for grunnskulen skuleåret 2017-2018 er teken til orientering.

**Saksopplysningar:**  
**Politisk handsaming**

Saka skal til uttale i Levekårsutvalet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

**Bakgrunn**

Meldinga er heimla i Opplæringslova § 13-10 Ansvarsomfang, som mellom anna seier:

*Kommunen/fylkeskommunen og skuleeigaren for privat skule etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte. Kommunen/fylkeskommunen og skuleeigaren for privat skule etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultatane frå desse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-1 fjerde ledd.*

*Som ein del av oppfølgingsansvaret skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø.*

*Den årlege rapporten skal drøftast av skuleigar, dvs. kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskulane.*

Tilstandsrapporten er ei skildringa av tilstanden i grunnskuleopplæringa i Lindås kommune for skuleåret 2017-18, og inneheld ei skildring av lokale mål og utvikling samt vegen vidare i kvalitetsarbeidet.

**Vurdering:**

Det er sett nasjonale krav til innhaldet i tilstandsrapporten, som eit minimum skal omhandle læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men kommunane kan utvide rapporten til å omhandle fleire tema ut frå lokale behov.

Tilstandsrapporten for grunnskulen i Lindås 2016-2017 har følgjande hovudområde:

- Elevar og undervisningspersonale
- Læringsmiljø
- Læringsresultat
- Tidleg innsats
- STYRK-prosjektet
- Gjennomføring og overgang til vidaregåande opplæring

- Skulefritidsordning
- System for oppfølging - internkontroll
- Utviklingsarbeid – lokale og overordna satsingar
- Vaksenopplæring
- Konklusjon

Saman med data henta frå Skoleporten, er kvart hovudområde skildra med lokale mål, vurdering av utvikling samt plan for vidare arbeid.

Rapporten blir drøfta i Levekårsutvalet den 20.november og i kommunestyret den 13.desember 2018.